



DEN NORSKE KYRKJA

Bjørgvin bispedøme

# Kurs i lokal valgjenningføring

2023



<https://www.youtube.com/watch?v=uglkRXWOZak>

# Tema

- Om kyrkjevalet
- **Nominasjon og rekruttering til soknerådsvalet**
- Kommunikasjon
- Nominasjon og rekruttering til val til bispedømeråd og Kyrkjemøtet
- Førehandsrøysting og valting
- **Val av medlem til nominasjonskomite for bispedømerådsvalet**



# Målet med kurset

- Ansvarlege for valet som har kunnskap og er trygge
- At medlemene av Den norske kyrkja ved frie og hemmelege val skal kunne velje sine representantar til sokneråd, bispedømeråd og Kyrkjemøtet
- At kyrkja også på denne måten er synleg

# Kva er kyrkjevalet?

- To val:
  - Val av sokneråd
  - Val av leke medlemmer til bispedømmeråd og Kyrkjemøtet
- Det er også nokon andre val for enkelte veljarar:
  - Val av prest og lek kyrkjeleg tilsett
  - Val av Døves menighetsråd og døvekyrkjelydane sin representant i Oslo bispedømmeråd og Kyrkjemøtet
  - Val av Saemien Åålmegeraerie, råd for samisk kyrkjelyd i sørsamisk språkområde og sørsamisk representant til Nidaros bispedømmeråd og Kyrkjemøtet

# Kvifor er opplæring viktig?

- Valmedarbeidarane er «valet sitt ansikt utover»
- Lik forståing og lik handsaming av alle veljarar
- Minske faren for feil og misforståingar



DEN NORSKE KYRKJA


**Eit klikk eller to til kunnskapen**

**Kyrkje-  
valet  
2023**

# Reglar og rutiner

Ressursbanken:

- Reglar for val av sokneråd, bispedømeråd og Kyrkjemøtet (kyrkjevalreglane)
- Valhandbøker og rettleiingar







## Kirkevalget 2023

Valg i kirken gjennomføres hvert fjerde år. Førstkommende valg er i 2023.

Alder

Varighet

Laget av  
Kirkerådet

Oppdatert  
27. oktober 2022

I kirkevalget kan kirkens medlemmer (alle døpte som fyller 15 år i valgåret eller er eldre) stemme på kandidater til menighetsrådet i sitt sokn og bispedømmeråd i bispedømmet. Bispedømmerådene utgjør Kirkemøtet, kirkens øverste organ, som møtes en gang i året.

Informasjon til velgere om valget ligger på [kirkevalget.no](https://kirkevalget.no)

**Her i Ressursbanken vil ressurser til gjennomføring av valget komme.**

→ [Praktisk gjennomføring av kirkevalget](#)

→ [Kommunikasjonsressurser til kirkevalget](#)

BESKRIVELSE

VALGHÅNDBOK

REGLER

VEILEDNINGER

SKJEMA

FORHÅNDSSTEMMING

STEMMESEDLER



# Materiell på ressursbanken

- Inneheld det ein treng for å arrangere val, fleire oppslag
  - Hovudsida Kyrkjevalet 2023
    - Valhandbok, rettleiingar, skjema, opplæring
  - Praktisk gjennomføring av kyrkjevalet
    - Mal til t-skjorte, plakatar, klistremerke til valurne, opning av valting
  - Kommunikasjonsressursar til kyrkjevalet
    - Materiell til dei ulike fasane, postar til sosiale medium (SoMe), annonsar, logo, foto
  - Rettleiing til valmodulen
    - Retningslinjer for korleis fylle inn og bruke valmodulen

[ressursbanken.no/kirkevalg](https://ressursbanken.no/kirkevalg)

# Nyttige sjekklister

## 12.2 Sjekkliste for valstyret (nynorsk)

Regelfesta fristar står i vanleg skrift. Anbefalte fristar står i kursiv.

Oppgåver ved val av sokneråd (SR), bispedømeråd (BDR) og Kyrkjemøtet og kyrkjeleg fellelråd (FR) Nominasjonsfasen Haust 2022–31. mars 2023	Frist	Ansvar
<input type="checkbox"/> Delta på møte for val av nominasjonskomité ved BDR/KM-valet	Før 1. februar 2023	SR-leiar el. medlem
<input type="checkbox"/> Frist for soknerådet for å sende inn forslag til leke kandidatar til bispedømeråd og Kyrkjemøtet	Før 1. februar 2023	SR
<input type="checkbox"/> Delta på valkurs arrangert av bispedømerådet	Før 1. februar 2023	Valstyret (VS)
<input type="checkbox"/> Ta kontakt med kommunen (tid for valet og opningstider av vallokale)	Ingen fast frist, men så tidleg som mogleg	Fellelråd/Kyrkjeverje/VS
<input type="checkbox"/> Kunningjing av krav til listeforslag	1. februar 2023 (må skje i god tid før 31. mars)	VS
<input type="checkbox"/> Oppnemning av nominasjonskomité ved SR-val	1. februar 2023	VS
<input type="checkbox"/> Lag kommunikasjonsplan	1. februar 2023	Kommunikasjonsansvarleg (Komm)/VS
<input type="checkbox"/> Frist for soknemøtet sitt vedtak om tal på medlemmer i soknerådet	1. mars 2023 (må skje i god tid før 31. mars)	SR/Soknemøtet
<input type="checkbox"/> Frist for innlevering av listeforslag til valstyret	31. mars 2023 kl. 12:00	Nominasjonskomité og nomineringsgrupper
<input type="checkbox"/> Legge ut listeforslag til ettersyn	Etter kvart som dei kjem inn	VS

# Kyrkjevalet.no – for veljarane


## Informasjon retta mot veljarane

Kva og kvifor kyrkjeval, kvifor bør ein stemme i kyrkjevalet

Sida har også informasjon retta mot dei som ønsker å stille til val

Vil hente informasjon direkte frå valmodulen i medlemsregisteret så veljarane kan finne informasjon om lister og kandidatar

For at veljarane skal vite kva og kven dei kan stemme på er det viktig at det blir fylt ut mest mogleg informasjon om kandidatane i valmodulen



# Valorgan

- **Valstyre** = Soknerådet. Ansvarleg for førebuing og leiing av valet.
- **Stemmestyre** = Administrerer stemmemottaket i vallokalet.
- **Valfunksjonær** = alle personar som har ei oppgåve i vallokalet eller oppgåver knytt til gjennomføringa av valet.
- **Valråd** = Blir peika ut av bispedømerådet. Valstyresmakt for ein del spørsmål i samband med val av bispedømeråd og Kyrkjemøtet

# Omgrep knytt til valet

- **Valting:** Valdagane, til forskjell frå perioden for førehandsstemming (10.) -11.september 2023
- **Manntall:** Oversyn over alle i stemmekrinsen/soknet som har stemmerett
- **Stemmekrins:** Geografisk inndeling i kommunen som avgjer kvar ein skal stemme på valtinget
- **Fleirtallsval:** Valordning der det berre er ei liste i valet
- **Høvestalsval:** Valordning som blir brukt når det er to eller fleire lister i valet

# Stemmerett

## Ved val av sokneråd:

- Fyller 15 år i løpet av året
- Medlem av Den norske kyrkja
- Bur i soknet

## Ved val av leke til bispedømeråd og Kyrkjemøtet:

- Fyller 15 år i løpet av året
- Medlem av Den norske kyrkja
- Bur i soknet
- Ikkje har stemmerett som prest eller lek kyrkjeleg tilsett

# Kven som kan veljast

- Ved val av sokneråd:
  - Stemmerett ved val av sokneråd
  - Fyller 18 år i løpet av året
  
- Ved val av leke til bispedømeråd og Kyrkjemøtet:
  - Stemmerett ved val av leke til bispedømeråd og Kyrkjemøtet
  - Fyller 18 år i løpet av året
  - Ikkje tilsett ved bispedømekontoret i ei stilling på over 15 timar i veka
  - Ikkje tilsett i Kyrkjerådet



# Fristar ( felles for alle val)

- 1. februar: Oppnemning av nominasjonskomite
- 31. mars kl. 12:00: Innlevering av listeforslag
- 2. mai: Godkjenning av vallister til SR-val
- 22. mai: Godkjenning av supplerte kandidatar
- 30. juni: Skjæringsdato for manntallet
- 10. august – 6. september: Førehandsstemming
- 6. september: Oppnemne stemmestyre
- (10.–) 11. september: Valting
- 12. september: Stemmestyrets protokoll ferdig





# Nominasjonsfasen

Fram til 31. mars 2023

# Nominasjonskomite til soknerådsva

- Valstyret skal peike ut ein nominasjonskomité på minimum tre medlemmer som skaffar fram kandidatar til soknerådet (Kirkevalgreglene § 6-1)
- Valstyret (soknerådet) skal gjere det interessant å sitje i soknerådet
- Soknerådet må gjerne stille til val på nytt...

# Kor mange skal veljast til soknerådet



- 4, 6, 8 eller 10 medlemmer, i tillegg til sokneprest

- 3, 4, 5 varamedlemmer



- Kyrkjevalreglane § 8-4 (3):

Ved val av sokneråd gjeld følgjande: Dersom det blir vald fire medlemmer, skal det også veljast minst tre varamedlemmer. Dersom det blir vald seks medlemmer, skal det også veljast minst fire varamedlemmer. Dersom det blir vald åtte eller ti medlemmer, skal det også veljast minst fem varamedlemmer.

# Summegrupper – nominasjon

- Kvifor sa du ja då du vart spurt om å stå på lista?
- Øving: Spør kvarandre om å stilla som kandidat på lista til soknerådet



# Finne aktuelle kandidater - kven kan veljast?

- Medlemer, 18 år innan årets slutt og bur i soknet.
- Interesserte personar som er villige til å gjere ein innsats.
- Gå breitt ut for å få innspel frå ulikt hald om aktuelle personar som kan spørjast.
- Ikkje berre spørje dei mest aktive i kyrkja, men forsøke å finne fram til nye personar.
- Motivere til attval.

# Krav til listeforslag

- Bør innehalde:
  - Minst 40 prosent av kvart kjønn
  - Minst 20 prosent kandidatar under 30 år
- Sjå alle krav i Valhandboka punkt 5.5.
- Bruk skjema på ressursbanken.



# Materiell til hjelp i arbeidet med nominasjon

Ressursbanken.no – sjå «nominasjonsfasen» under kommunikasjon

- Powerpoint til bruk i sokneråd for å starte nominasjonskomite og nominasjonsarbeid
- Materiell som kan tilpassast til utdeling til aktuelle kandidatar
- Artikkelforslag til heimeside
- Annonsar til bruk i lokale medium
- SoMe-postar til kyrkjelyden sine egne digitale flater



# Vallister og grunnlagsdata

1. april – 1.juni

# Vallista

- Underteikna av 10 personar med stemmerett, vanlegvis nominasjonskomiteen sine medlemmer og nokre andre forslagsstillarar.
- Frist for ferdig listeforslag: kl.12, 31. mars 2023
- Kandidatane skal settast opp i prioritert rekkefølge.
- Det kan komme listeforslag frå andre grupperingar, men det er ikkje vanleg

1. KRISTIAN HAAVE, 58 år, KONGSVEGEN, SØR-FRON,
2. AUD ELINOR MOHEIM, 58 år, PYNTABERGVEGEN, SØR-FRON,
3. BERIT BRENDEN BREDLI, 43 år, , ESPEDALEN,
4. KARL OLAV OLSEN, 70 år, MOARUSTA, SØR-FRON,
5. EDDA BORGEN, 54 år, BERGEVEGEN, SØR-FRON,
6. INGER ELISABETH PEDERSEN, 54 år, , SØR-FRON,
7. JENS OVE ISUMHAUGEN, 37 år, NORDRE LIAVEGEN, SØR-FRON,
8. TINE ELISABETH SLANG, 54 år, HUNDORPGEILEN, SØR-FRON,
9. NILS MARTIN VOLDBERG, 52 år, , SØR-FRON,
10. SYNNØVE BØ HANSEN, 59 år, FLATMOSVINGEN, SØR-FRON,
11. IVAR HOVDEN, 49 år, , SØR-FRON,
12. HELEN SVELLE, 40 år, SVELLEVEGEN, SØR-FRON,
13. EIVIND HOLEN, 64 år, HOLSVEN, SØR-FRON,
14. ANNE MARIE ÅNSLØKKEN, 56 år, KVARVVEGEN, SØR-FRON,
15. JOHN ARNE FOSSEHAGEN, 51 år, KASJETTVEGEN, SØR-FRON,

# Handsaming av listeforslag

- Valstyret skal handsame listeforslag seinast 2. mai.
- Oppfyller listeforslaget krava?
  - Viss nei: forhandle med tillitsvalte for lista.
- Listeforslag skal:
  - Leggast ut til ettersyn når dei kjem inn.
  - Skal gjerast offentleg same dag som dei er godkjent.
    - Legg inn i valmodulen
    - Publiser på eigne nettsider og/eller i andre kanalar
- Les meir i Valhandboka punkt 5.5.8.

# Supplerande nominasjon



- Det skal opnast for supplerande nominasjon ved val av sokneråd uavhengig av kor mange kandidatar det er på Nominasjonskomiteens liste.
- Skal kunngjerast innan 2. mai 2023
- Frist kl. 12 den 15. mai 2023.
- 22. mai skal kandidatlista godkjennast.
- Sjå Valhandbok 1 for informasjon om supplerande nominasjon.

# Grunnlagsdata i valmodulen

- Kwart sokn skal legge info i valmodulen i medlemsregisteret så fort som mogleg og seinast innan 1. juni:
  - Tid og stad for førehandsstemming
  - Tid og stad på valdagen/valdagane for kvar valkrins
  - Vallister og informasjon om kandidatar
  - Eventuelle supplerte kandidatar



DEN NORSKE KYRKJA

**Pause**



# Val og mobilisering

2. juni – 11. september



# Valgfilm fra Asker kirkelige fellesråd






# Kommunikasjon

# Mål for kommunikasjonen

- **Gjere valet kjent** for veljarane (at det er val og kven som er kandidatar)
- **Byggje kyrkja sitt omdømme** (kyrkja sin innsats på kjende og ukjende område)
- **Mobilisere kandidatar** til å stille til val
- **Mobilisere medlemer** til å stemme
- **Evt bonus:** gjere medarbeidarar og medlemer stolte av kyrkja!



# Kommunikasjon - minimum

Viktig premiss i år – veljarane får ikkje valkort i posten.

1. Oppdater kalenderen
2. Kyrkjebladet – fyldig omtale i alle utgåver. Kan vi få til ei utgåve i august med plass til presentasjon av soknerådskandidatane? Det kan vera aktuelt for bispedømet å kjøpa plass til presentasjon av kandidatane til bispedømerådsvalet.
3. Nettsider
4. Kjøp annonseplass i lokalavis
5. Evaluer informasjonsinnsatsen



## Kommunikasjonspakke +

6. Velg ut eit tiltak (el. fleire) de er stolte over som de vil fortelja om i eigne kanalar og lokalavisa
7. Kjøp ekstra merksemd for saker de har på facebook
8. Arranger eit ope møte med kandidatane
9. Ha stand for kyrkjelyden og valet

# Kommunikasjonshjelp i nominasjonsfasen

## RESSURSBANKEN

🔍

TROSOPPLÆRING (429)   DIAKONI (61)   KOMMUNIKASJON (55)   GLOBAL KIRKE (2)   DIGITALE VERKTØY   GUDSTJENESTELIV (40)   KULTUR (13)   OPPTAK FRA WEBINARER

Filtrer på tema ▼   Filtrer på alder ▼



### Kirkevalget – kommunikasjon

I denne ressursen finner du det du trenger for å kommunisere godt og bredt rundt kirkevalg, både i nominasjonsfasen (finne kandidater til rådene) og valg- og mobiliseringsfasen (motivere velgere til å avgi stemme). Informasjon til velgere om valget ligger på kirkevalget.no

Alder	Varighet	Laget av	Oppdatert 27. oktober 2022
-------	----------	----------	-------------------------------

### Kommunikasjon om kirkevalg

I denne ressursen finner du informasjon og materiell for å kommunisere rundt kirkevalget i 2023.

Her er ressurser til ulike faser og med forskjellig fokus. Nominasjonsfasen dreier seg om å mobilisere medlemmer til å stille til valg. Kommunikasjonsressursene til denne fasen

- BESKRIVELSE
- LOGO
- BILDER
- NOMINASJONSFASEN



## Nasjonale kampanjar som kjem:

- **Nominasjonskampanjen** «Vil du ha et godt råd» - tilpass lokalt
- **Omdømmekampanje** vår/sommar «Rom for deg»
- Om **digital førehandssteming** frå 10. aug.
- **Bruk stemmeretten:** Vil du ha eit godt råd, så gje di stemme.

# Lag ein kommunikasjonsplan

- **Kven**

Avklar **kommunikasjonsansvarlege** i sokn og fellesråd.

- **Kva:**

**Bruk nasjonale ressursar**, følg oppskriftene!

- **Kvar:**

**Nettsider og sosiale medium:** om valet, nominasjonsfasen, om kandidatane, om stemmegjeving.

**Kyrkjeblad:** om valet og intervju med rådsmedlemmer.

Augustnummer: om kandidatane.

**Lokale medium:** pressemeldingar om val i nominasjonsfasen og stemmefasen, annonsere etter kandidatar.





# Snakk om valet!

- I stab og råd
- Blant frivillige
- Konstruktivitet
- Ha ein positiv tone 😊
- Stolt over kyrkja!



# Bispedømerådsvalet

# Bispedømmerådsvalet



- Soknet sine valmedarbeidarar er sentrale og viktige i gjennomføringa av bispedømmerådsvalet.

# Kven sit i bispedømerådet?

I bispedømerådet er det:

- 7 leke medlemer
- 1 lek kyrkjeleg tilsett medlem (tilsette)
- 1 geistleg medlem (prestar i off. teneste)
- Biskopen (fast medlem)


Tre ulike val til eitt råd:

- Val av leke medlemmar
- Val av lek kyrkjeleg tilsett medlem
- Val av geistleg medlem (prest)

# Kva gjer bispedømerådet?

Bispedømmerådet skal ha sin oppmerksomhet henvendt på alt som kan gjøres for å vekke og nære det kristelige liv i menighetene, og det skal fremme samarbeidet mellom de enkelte menighetsråd og andre lokale arbeidsgrupper innen bispedømmet.

*Kyrkjeordninga § 26*



# Kva gjer bispedømerådet frå 2024?

- Strategisk organ for kyrkja i Bjørgvin
- Fordeler presteressursar mellom sokna – kan bli endringar her
- Styrer bispedømet sin økonomi
- Forvaltar trusopplæringa – godkjenning og inspirasjon
- Leier regionale fellestiltak
- Gjev fagleg støtte og rettleiing til sokna
- Bindeledd mellom nasjonale og lokale kyrkjelege organ.
- Samanslåing/regulering av sokn
- Arbeidsgjevar for bispedømeadministrasjonen

# Kyrkjemøtet

Bispedømerådet sit også i kyrkjemøtet





# Kva gjer Kyrkjemøtet ?

- Kyrkjemøtet er det øvste demokratiske, representative organet i Den norske kyrkja.
  - Den norske kyrkja sitt "Storting"
- "Kirkemøtet skal ha sin oppmerksomhet henvendt på saker av felles kirkelig karakter og ellers på alt som kan gjøres for å vekke og nære det kristelige liv i menighetene, og det skal fremme samarbeidet innen Den norske kirke."
- Vedtek ordningar som gjeld for heile kyrkja
  - Kyrkjeleg organisering
- Vedtek gudstenesteordning og andre liturgiar
  - Avgjer lærespørsmål
- Fastjing av retningsgjevande planar og program for kyrkja

# Nominasjonskomitear til bispedømerådsvalet

- Tre nominasjonskomitear

1. Nominasjonskomité ved val av leke medlemmar
  - Val av prostiet sin representant i kveld
2. Nominasjonskomité ved val av prest
3. Nominasjonskomité ved val av lek kyrkjeleg tilsett



# Nominasjonskomité for val av leke medlemmar

- Nominasjonskomité for val av leke medlemmar
  - Eit medlem frå kvart prosti + ungdomsrådsrepresentant
- Sokneråda, ungdomsrådet og nominasjonskomiteens medlemer kan fremje kandidatar til lista.
- Nominasjonskomiteen bør tilstrebe breidde i kandidatene sine syn på aktuelle kyrkjelege spørsmål

**«Nominasjonskomiteens liste»**

# Nomineringsgrupper kan stille lister

- Andre «parti»
- I 2019 var det tre lister i Bjørgvin bispedømme
- 2. januar 2023: Tre nomineringsgrupper er registrert nasjonalt:  
Bønnelista, Frimodig kyrkje og Open folkekyrkje
- Sokneråda kan kome med forslag til kandidatar til alle listene i valet
- Frist: 1.februar

# Ein god kandidat til bispedømmerådet...



- Vil vere med på å forme den demokratiske folkekyrkja. (Neste periode er svært viktig og det er no det ein kan påverka)
- Glad i kyrkja og har engasjement
- Av alle aldersgrupper og kjønn
- Engasjert i eigen kyrkjelyd
- Erfaring frå arbeid i råd og styre, i eller utanfor kyrkja
- Evne til å tenkja strategi og prioritering
- Samarbeidsevne


# Soknerådet sine oppgaver til bispedømerådsvalet

- Kan foreslå inntil fire kandidatar til nominasjonskomiteen si liste innan 1. februar.
  - Brev om dette er sendt ut
- Foreslå kandidatar til nomineringsgruppene
  - De kan ha fått brev om dette
- Vere lokal valadministrasjon for bispedømerådsvalet.



# Felles for førehandsstemming og valting

Frie og hemmelege val, valagitasjon,  
endringar på stemmesetelen etc.



# Frie og hemmelege val

- Mål: Veljaren skal kunne gi stemme i tråd med si overttyding
- Middel:
  - Forbod mot agitasjon
  - Nøytrale valfunksjonærar
  - Veljaren gjer sitt val «usett og i einerom»
  - Reglar som pålegg hemmelegald



# Nøytralitet i praksis

- Valfunksjonæren skal:
  - Svare på spørsmål om valprosessen
  - Rettleie i kva endringar veljaren kan gjere på stemmesetelen
- Valfunksjonærar kan berre rettleie i valtekniske spørsmål, altså ikkje:
  - Kva lister eller kandidatar står for
  - Kva veljaren bør stemme på
  - Kva valfunksjonæren sjølv meiner eller stemmer

# Endringar på stemmesetelen

1. Veljaren kan gi ei ekstra personstemme til inntil tre kandidatar på lista ved å sette kryss ved namnet til vedkommande.
2. Veljaren kan også anten
  - a) ved soknerådssval (fleirtalsval) skrive inn inntil tre valbare personar. Desse får ei personstemme kvar.
  - b) ved høvetalsval gi inntil tre «slengarar» til kandidatar frå ei anna liste ved å føre opp namnet i eit eige felt. Desse får ei personstemme, og lista gir ei listestemme per slengar til lista til vedkommande.

# Legitimasjon

- Døme på gyldig legitimasjon:
  - Pass
  - Førarkort
  - Bankkort m/bilde
  - Andre ID-kort må minst innehalde namnet til veljaren, fødselsdato og bilde
- Viss veljar ikkje legitimerer seg, og ikkje er kjend for stemmemottakaren, kan ikkje vedkomande stemme

# Stemmeavlukka må sjekkast jamleg

- Stemmesetlar til alle lister
- Stemmesetlar ligg på rett stad
- Pennar i alle avlukke
- Fjern alt som ikkje høyrer til i avlukket

# Utskrift av avkryssingsmanntal


- Avkryssingsmanntal skal skrivast ut fra valmodulen i Den norske kyrkja sitt medlemsregister.
- Det blir opna for utskrift fredag 8. september.
- Dei som har stemt digitalt vil vere markert med kryss i manntalet. Dei kan ikkje stemme på nytt på papir.
- Avkryssingsmanntalet er sortert på stemmekrinsar.
- Skriv ut **eit eksemplar av manntalet**.
- Del opp per stemmekrins for bruk i vallokalet i stemmekretsen.

# Førehandsstemming

# Digital førehandsstemming

Digital førehandsstemming frå 10. august til 6. september 2023.

Dei digitale stemmene blir telt opp digitalt og vil bli synlege i valmodulen i medlemsregisteret.



# Digital førehandsstemming

- Veljarar loggar seg på med Bank-ID eller tilsvarande.
- Ein kan stemme så mange gonger ein vil, den siste stemma blir den teljande.
- Ein kan ikkje stemme på nytt på papir viss ein har stemt digitalt.
- Ein kan ikkje stemma på valtinget dersom ein har stent på førehand.
- Det er veljaren som har ansvar for at det blir hemmeleg val.



# Fysisk førehandsstemming

Hovudregel: det **skal** vera førehandsstemming i kvart fellesrådsområde :

i samband med ei gudsteneste minst ein søndag i perioden for førehandsstemming, minst to timar i veka i perioden for førehandsstemming.

Det **bør** også leggast til rette for førehandsstemming

på dei institusjonane som geografisk høyrer til det enkelte soknet

i tilknytning til minst eitt arrangement for unge



# Perioden for førehandsstemming

- Digitalt: 10. august til 6. september
- På papir i eige sokn: 10. august til 8. september
- På papir i anna sokn: 10. august til 1. september

# Tid og stad for fysisk førehandsstemming

- Nasjonalt tidspunkt: 31. august frå 15:00 til 20:00.
- Det **skal** også leggst til rette for førehandsstemmegiving:
  - I samband med ei gudsteneste minst ein søndag i perioden for førehandsstemmegiving
  - Minst to timar i veka i perioden for førehandsstemmegivinga.
- Det **bør** også leggst til rette for førehandsstemmegiving:
  - På dei institusjonar som geografisk høyrer til det enkelte sokn
  - I samband med minst eit arrangement for unge.
- Det må **alltid** vere minst to stemmemottakarar til stades!

# Mottak av førehandsstemmer

- Sjå nærare rettleiing:
  - Valhandboka punkt 7.9.3 og 7.9.4.
  - Eigen rettleiing for mottak av førehandsstemmer som kjem på ressursbanken.
  - Video som kjem på ressursbanken.

# Mottak av førehandsstemmer: Veljar som er manntalsført i soknet

1. Gi rettleiing til veljar.
2. Veljar gjer sine val usett og i einerom.
3. Veljar legitimerer seg.
4. Stemmesetlane blir stempla.
5. Veljar legg stemmesetlane i stemmesetelkonvoluttar.
6. a. Stemmemottakar legg stemmesetelkonvoluttane i omslagskonvolutt.  
b. Namn, fødselsdato og adresse skal skrivast på omslagskonvolutten.
7. Stemmemottakar skriv på tid og stad for stemmegivinga på omslagskonvolutten og skriv under.
8. Veljar legg omslagskonvolutten i urna.
9. Stemmemottakar fyller ut skjema.

# Mottak av førehandsstemmer: Veljar som er manntalsført i anna sokn

1. Finn rette stemmesetlar.
2. Veljar gjer sine val usett og i einerom.
3. Veljar legitimerer seg.
4. Stemmesetlane blir stempla.
5. Veljar legg stemmesetlane i stemmesetelkonvoluttar.
6. a. Stemmemottakar legg stemmesetelkonvoluttane i omslagskonvolutt.  
b. Namn, fødselsdato og adresse skal skrivast på omslagskonvolutten.
7. Stemmemottakar skriv på tid og stad for stemmegivinga på omslagskonvolutten og skriv under.
8. Stemmemottakar fyller ut skjema.
9. Stemma blir sendt til rett sokn så fort som mogleg.

# Valting

# Opningstider og vallokale - Valting

## Valdagar

- (10. og) 11. september

## Tid og stad

- Skal vere i lokale i direkte nærleik til kommunestyre- og fylkestingsvalet
- Skal ha same opningstider og -dagar som kommunestyre- og fylkestingsvalet i kommunen
- Stemmegiving i samband med gudsteneste 10. september kan haldast som del av valtinget





# Opning og lukking av vallokale

- Vallokalet skal opnast og lukkast presis.
- Vallokalet må ikkje stengast/låsast på noko anna tidspunkt enn det som er kunngjort.
- Dei som har stilt seg i kø før stengetid, får stemme.
- Sjå meir i Valhandboka punkt 8.1

# Mottak av stemmer på valdagen

- Sjå nærare rettleiing:
  - Valhandboka:
    - Punkt 8.8.2 om mottak av ordinære valtingsstemmer
    - Punkt 8.8.4 om veljarar som ikkje står i manntalet og stemmer i særskilt omslag
  - Eigen rettleiing for mottak av stemmer på valdagen som kjem på ressursbanken.
  - Video som kjem på ressursbanken.

# Mottak av stemmer på valdagen

1. Gje rettleiing til veljar.
2. Veljar gjer sine val usett og i einerom.
3. Veljar legitimerer seg.
4. Kryss av i manntal.
5. Stemmesetlane blir stempla.
6. Veljar legg stemmesetlane i urna.



# Oppteljing og resultat

11. september – 31. oktober

Prøving, oppteljing og valoppgjer

# Prøving av stemmegivingar og stemmesetlar

- Prøving av stemmegiving = prøving av valhandlinga eller måten veljaren har gitt si stemme, og om krav til veljaren i reglane er oppfylt.
  - Til dømes: Har veljaren stemmerett?
- Prøving av stemmesetel = prøving av sjølve stemmesetelen.
  - Til dømes: Har stemmesetelen stempel?

# Prøving av førehandsstemmegivingar på papir

- Førehandsstemmegivingar skal prøvast så langt mogleg før valtinget tar til.
  - Altså når avkryssingsmanntalet er skrive ut fredag 8. september
- Nye førehandsstemmegivingar som kjem inn innan 21:00 på valdagen skal prøvast etter at vallokala er stengt.
- Stemmegivinga er godkjent når veljaren er kryssa av i manntalet.
- Les meir om vilkår i Valhandboka punkt 9.3 og kirkevalgreglene § 11-1.

# Prøving av digitale førehandsstemmegivingar

- Dette gjer ein i det digitale valsystemet.
- Valstyret har ikkje noko ansvar.

# Prøving av stemmegivingar – Valting

- Ordinære stemmegivingar på valting blir prøvd i det veljaren blir kryssa av i manntalet i vallokalet.
- Stemmegivingar i særskilt omslag:
  - Skal prøvast når vallokala er stengde.
  - Skal prøvast før foreløpig oppteljing startar.
  - Stemmegivinga er godkjent når veljaren er kryssa av i manntalet.
- Les meir om vilkår i Valhandboka punkt 9.4 og kirkevalgreglene § 11-2.



# Prøving av stemmesetlar

- Prinsipp: Færrast moglege forhold bør føre til forkasting.
- Les meir om vilkår i Valhandboka punkt 9.5 og kirkevalgreglene § 11-3.

# Oppteljing – prinsipp

- Valstyret er ansvarleg for oppteljing av stemmesetlar til soknerådsvalet.
- Valstyret er ansvarleg for foreløpig oppteljing for val av leke til bispedømeråd og Kyrkjemøtet.
- Oppteljinga blir gjort av dei personar og på den måten valstyret har bestemt.
- Viktig med korrekt oppteljing – skal alltid teljast opp i to omgangar.

# Oppteljing – hjelp

- Les om oppteljing i Valhandboka punkt 9.7
- Kyrkjerådet vil utarbeide oppteljingsskjema. Les om skjema og protokollar i Valhandboka punkt 9.1.

# Foreløpig oppteljing

- Skal gjerast etter handsaming av valtingsstemmer gitt i annan stemmekrets (eventuelt anna sokn) og førehandsstemmer. Desse skal teljast saman med valtingsstemmene.
- Skal gjerast så snart som mogleg etter at valtinget er lukka.
- Stemmesetlar til soknerådsvalet som det er tvil om kan bli godkjent, skal leggjast til side og haldast utanfor oppteljinga.

# Foreløpig oppteljing – framgangsmåte del 1

## 1. Tel kryss i manntal.

- Berre kryss sett på papiret skal teljast (ikkje digitale kryss)
- Tall under 18 år som stemte

## 2. Foreløpig oppteljing av val til bispedømeråd og Kyrkjemøtet.

- Retta og uretta stemmesetlar til kvar valliste.
- Stemmesetlar som det er tvil om kan godkjennast.
- Blanke stemmesetlar.

## 3. Foreløpig oppteljing val av sokneråd.

- (sjå neste ark)



# Foreløpig oppteljing – framgangsmåte del 2

## 3. Foreløpig oppteljing val av sokneråd

1. Stemmesetlar som det er tvil om kan godkjennast, skal leggest til side og haldast utanfor oppteljinga.
2. Tel blanke stemmesetlar.
3. Tel retta og uretta stemmesetlar til Nominasjonskomiteens liste.
4. Tel personstemmer.
  1. Automatisk: Kvar kandidat får ei stemme per uretta og retta stemmesetel.
  2. Kandidatar som har fått tilleggsstemme, får ei ekstra stemme. Viss det er gitt tilleggsstemme til fleire enn tre kandidatar, tar ein berre omsyn til dei tre øvste tilleggsstemmene.
  3. Namn som er skrive på stemmesetelen får ei stemme kvar. Viss det er skrive opp meir enn tre namn, tar ein berre omsyn til dei tre øvste namna.



# Sending til bispedømerådet

- Så fort teljing av stemmer til val av leke til bispedømeråd og Kyrkjemøtet er ferdig skal desse sendast til valrådet i bispedømet.
- Valrådet vil gi info om korleis dette blir løyst i ditt bispedøme (ta kontakt med dei viss du ikkje har fått info).
- Det som skal sendast i første omgang:
  - Alle stemmesetlar frå valet til bispedømeråd og Kyrkjemøtet, sortert på uretta og retta og på lister.
  - Alle stemmegivingar valstyret har forkasta.
- Sending må gjerast på forsvarleg måte.

# Endelig oppteljing

- Skjer umiddelbart etter at foreløpig oppteljing er avslutta og alle stemmene er kome inn til valstyret.
- Den endelige oppteljinga skal skje under valstyrets tilsyn.
- Stemmesetlane frå den foreløpige oppteljinga skal teljast på nytt.
- Valstyret avgjer om stemmesetlar som ikkje blei tatt med i den foreløpige oppteljinga, skal godkjennast. Godkjente stemmesetlar blant desse skal teljast saman med dei andre stemmesetlane.



# Endelig opptelling - framgangsmåte

- Det skal teljast på same måte som ved foreløpig teljing.
- Stemmesetlar til val av bispedømeråd og Kyrkjemøtet skal ikke teljast på nytt.
- Avvik må dokumenterast i protokoll (sjå Valhandboka punkt 9.7.4.2).

# Valoppgjer

- For å få eit valresultat må tal frå teljing av papirstemmer leggest inn i valmodulen.
- Namn som er skrive på stemmesetelen frå digital førehandsstemming må handterast (sjå Valhandboka punkt 9.7.4.2)

Når dette er gjort kan ein få ut eit valresultat frå valmodulen som valstyret kan handsame.

Det er sperregrense på Nominasjonskomiteens liste. Sjå forklaring i Valhandboka punkt 9.9.1.

# Klager

# Klage

- Biskopen og alle som har stemmerett, har klagerett. Dette gjeld både for val av sokneråd og val av bispedømeråd og Kyrkjemøtet. Gjeld klagen spørsmål om stemmerett eller tilgang til å stemme, har også dei som ikkje er blitt manntalsført, klagerett.
- Kva kan det klagast over?
  - «Forhold i forbindelse med forberedelsen og gjennomføringen» av valet.
  - Nesten alle forhold.
  - Må knyte seg til førebuinga og gjennomføringa av valet.

# Kven er klageinstans?

- Val til sokneråd: bispedømerådet
- Val til bispedømeråd og Kyrkjemøtet: Kyrkjerådet
- Gjeld klagen forhold av betydning for begge val, blir den sett som den gjeld begge og kan handsamast enten av bispedømerådet som klageinstans eller av Kyrkjerådet.
- Les om fristar og handsaming av klager i Valhandboka kapittel 10.

# Ymse

# Felles sokneråd for fleire sokn

- Eigne reglar: «Regler om ordning for felles menighetsråd»
- Sak i sokneråda
- Soknemøta skal uttale seg
- Frist: 31.01.2023 for handsaming i bispedømmerådet
- Ta kontakt dersom dette er aktuelt.



# Endring av talet på medlemmar i soknerådet

- 4, 6, 8 eller 10, og soknepresten
- Endring av talet på medlemmar i soknerådet:
  - Vedtak i soknemøtet
  - Frist: Helst innan 1. februar, men seinast 31. mars.





# Overføring av stemmerett

- Høve til å søkje biskopen om å flytte medlemskapet til eit anna sokn enn der ein bur.
- Medlemet søkjer biskopen
- Biskopen sender svar med kopi til medlemmet og sokna
- Eige skjema; sjå ressursbanken

Kirkevalget  
2023

## Skjema 4.1.3: Søknad om overføring av soknetilknytning

Søknaden sendes til biskopen innen:

- For medlemmer som ønsker å stille til valg, bør søknaden være biskopen i hende i god tid, slik at den kan bli behandlet av biskopen innen fristen for innlevering av listeforslag, 31. mars 2023

Om den som søker	
Fullt navn:	
Fødselsdato:	

# Fristar

- Søknadsfristar:
  - For dei som ønskjer å stille til val - 31.mars
  - For dei som skal overføre stemmeretten til anna sokn - 25. juni



# Grensejusteringar

- Nokre stader skal soknegrenser justerast eller sokn slåast saman.
- Der samanslåing og justeringar er vedtatt, skal valet gjerast etter framtidige grenser.
- Vedtak må være gjort før 31.01.2023.
  - Der vedtak ikkje er gjort, gjeld gamle grenser ved valet.




# Korleis hugse alle datoar?

## 12.2 Sjekkliste for valstyret (nynorsk)

Regelfesta fristar står i vanleg skrift. Anbefalte fristar står i kursiv.

Oppgåver ved val av sokneråd (SR), bispedømeråd (BDR) og Kyrkjemøtet og kyrkjeleg fellesråd (FR)	Frist	Ansvar
<b>Nominasjonsfasen</b>		
Haust 2022–31. mars 2023		
<input type="checkbox"/>	Delta på møte for val av nominasjonskomité ved BDR/KM-valet	Før 1. februar 2023
<input type="checkbox"/>	Delta på møte for val av nominasjonskomité ved BDR/KM-valet	SR-leiar el. medlem
<input type="checkbox"/>	Frist for soknerådet for å sende inn forslag til leke kandidatar til bispedømeråd og Kyrkjemøtet	Før 1. februar 2023
<input type="checkbox"/>	Frist for soknerådet for å sende inn forslag til leke kandidatar til bispedømeråd og Kyrkjemøtet	SR
<input type="checkbox"/>	<b>Delta på valkurs arrangert av bispedømerådet</b>	<b>Før 1. februar 2023</b>
<input type="checkbox"/>	Delta på valkurs arrangert av bispedømerådet	Valstyret (VS)
<input type="checkbox"/>	Ta kontakt med kommunen (tid for valet og opningstider av vallokale)	Ingen fast frist, men så tidleg som mogleg.
<input type="checkbox"/>	Ta kontakt med kommunen (tid for valet og opningstider av vallokale)	Fellesråd/Kyrkjeverje/VS
<input type="checkbox"/>	Kunngjering av krav til listeforslag	1. februar 2023 (må skje i god tid før 31. mars)
<input type="checkbox"/>	Kunngjering av krav til listeforslag	VS
<input type="checkbox"/>	Oppnemning av nominasjonskomité ved SR-val	1. februar 2023
<input type="checkbox"/>	Oppnemning av nominasjonskomité ved SR-val	VS
<input type="checkbox"/>	Frist for å registrere nomineringsgrupper ved SR-val	1. februar 2023
<input type="checkbox"/>	Frist for å registrere nomineringsgrupper ved SR-val	Nomineringsgrupper søker til Kyrkerådet
<input type="checkbox"/>	Lag kommunikasjonsplan	1. februar 2023
<input type="checkbox"/>	Lag kommunikasjonsplan	Kommunikasjonsansvarleg (Komm)/VS
<input type="checkbox"/>	Frist for soknemøtet sitt vedtak	

# Kva er viktigast no?



- Etablere nominasjonskomité for soknerådsvalet.
- Sende inn namn på aktuelle kandidater til val av bispedømmerådet og Kyrkjemøtet.
- Vurdere og søkje om organisatoriske endringar i soknet.

# Val av prostiets medlem til nominasjonskomité

- Ein representant frå kvart sokneråd i prostiet
  - Skal velje personar som er spurte på førehand
  - Prosten administrerer og er protokollfører
- Tungenes prosti
  - Prost Tomas Røsbak
- Ytre Stavanger prosti
  - Prost Tor Magne Nesvik
- Domprostiet
  - Prost Stefan Emmerhoff

# Lokalkyrkjeleg valøkonomi

- Til fordeling lokalt: 32 millionar (med atterhald)
- Ltt annan fordelingsnøkkel enn i 2019. Støtte pr sokn og medlemmer, ikkje pr stemmekrins.
- Til godtgjering av valfunksjonærar, lokale infotiltak, lokal valadministrasjon og valmateriell
- Til fordeling tidleg på året.



The background features a repeating pattern of white line-art icons on a dark purple background. The icons include a cross, a sun, a candle, a hand, a dove, a church, a heart, a book, a leaf, a star, a wreath, a teardrop, and a cross with a circle. The text is centered over this pattern.

**LUKKE TIL MED VALARBEIDET OG  
GODT KYRKJEVAL !**





# Val på medlem av nominasjonkomite

# Val til nominasjonskomite

- Ein representant frå kvart sokn, vanlegvis leiar, skal velja prostiet sitt medlem og varamedlem til nominasjonskomite for leke.
- Valoppgjeret (endeleg resultat) blir klart etter at alle prosti har valt – etter 31. januar
- Første møte for nominasjonskomiteen for leke kandidatar er 13. februar i Bergen.